

# Reglement for trivsel, tryggleik og orden for deg som elev ved Voss Folkehøgskule

## Grunnverdiane våre er glede - openheit - undring - tryggleik

**Føremål:** Voss Folkehøgskule vil skape eit trygt og inkluderande miljø der danning, utvikling av individet og det deltakande menneske står i fokus. Det er eit mål at vi viser respekt for den enkelte, og tek ansvar for fellesskapet gjennom medverknad og medansvar.

**Deltaking:** Som elev ved Voss FHS må du møte presis, delta aktivt og bidra på morgonsamlingar, i undervisning og på felles arrangement. Eventuelt fråvær må du melde til faglærer eller tilsyn.

**Åtferd:** Vold, mobbing, krenkande språkbruk og åtferd akseptert ikkje i noko form – verken fysisk, verbalt eller digitalt.

**Orden og reinhald:** Du skal hjelpe til med å halde det ryddig og reint, både inne og ute.

**Nattero:** Det skal være nattero mellom klokka 23.00 og 07.00.

**Alkohol:** All bruk og oppbevaring av alkohol er forbode på skulen sitt område. Dette gjeld også for alle arrangement og reiser i skulen sin regi. Nokre gonger er det unntak frå alkoholreglementet. Det gjeld på kveldar utan obligatoriske arrangement, der det ikkje er undervisning dagen etter. Då kan du nyte alkohol utanfor skuleområdet for så å koma tilbake til skulen, og gå direkte til rommet ditt. Utan å bryta natteroa.

**Illegale rusmidlar:** All bruk og oppbevaring av illegale narkotiske stoff er forbode.

**Brot på reglementet:** Du kan bli bortvist eller miste skuleplassen om du bryt reglementet.

**Lat oss saman skape eit best mogleg fellesskap!**